

1000 kubikk tømmer vert teke ut på Nedre Fet.

12.03.2018



Meir enn 1000 kubikk tømmer vert lagt og fordelt i 10 ulike haugar på velteplassen ved Elins Matgleder.

Meir enn 1000 kubikk tømmer vert hogge på Nedre Fet i Eikedalen i desse dagar. Elin og Geir Enes er grunneigarar. Høgsten er organisert gjennom Vestskog. Hjelmeland Hogst & Service gjer arbeidet på plassen. Ein reknar med at arbeidet er unnagjort på 2 - 3 veker. Det, som måtte vera av skade på skogsvegen eller i lende, vert retta opp til slutt.

Det er faktisk 10 år sidan det sist var maskinell skogshogst i same område. Geir Enes fortel til Uskedalen.no at no er deler av plantefeltet hogstmoge. Det er fire ulike teigar langs traktorvegen og inn mot Flåtene. Tilsaman utgjer dette om lag 1000 kubikk, fordelt på sitka, lerk og gran. Det meste er gran, rundt rekna 700 kubikk. Måleresultata frå fyrste dags uttak syner meir volum enn estimert, noko som fører til at den totale kubikken vert større enn planlagd.

Alle tømmeret på velteplassen vert sortert i 10 ulike haugar utifrå kvalitet. Det er ein fast driftspris pr. kubikk. Sortering og kvalitet er avgjerande for salsprisen. Det økonomiske resultatet av hogsten er difor bunde opp til kvalitet.

Alt skurtømmer går til sagbruket i Granvin. Andre kvalitetar som emballasjevirke og massevirke går til ulike mottakarar i utlandet. Vestskog er ansvarleg for alt det praktiske med entreprenør, transport frå velteplassen til kai og utskiping med båt. Vestskog forhandlar salsavtalar med ulike kundar i EU land. Utskipinga går for det meste med skip frå reiarlaget Myklebusthaug, der Vidar Koløy frå Uskedalen er skipper, nemleg på MS INGVILD.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Geir Enes



Skogsentreprenøren Hjelmeland Hogst & Service gjer arbeidet med utttak av tømmer på Fetsida i Eikedalen.